

***Administrasjon**

Jondal sokneråd driv korarbeidet Solstråla, og korarbeidet er ein del av kontor si stilling. Våre 2019 hadde kontor trusopplærar med som hjelpedirektør. Hausten mangla vi denne ekststraressursen.

***Korforbund**

Solstråla er med i kororganisasjonen Ung Kyrkjesong som samlar ca 8000 barne- og ungdomskorsongarar fordelt på ca 330 medlemskor. Gjennom UK får koret tilsendt medlemsbladet Ung Kyrkjesong, ein får tilbod om ein del kortrekk, seminar etc., og koret får frifondsmidlar gjennom Ung Kyrkjesong. Elles får ein òg, gjennom medlemsskapet, dekkja eventuelle TONO-utgifter ved ulike arrangement.

2019

Korarbeidet Solstråla er fleksibelt og vert til ei kvar tid lagt opp etter kva arbeidsressurs ein har tilgjengeleg i kombinasjon med kva barnekull ein har i målgruppa.

Solstråla hadde dette året øving kvar tysdag for aldersgruppa 6-12år.

7 songarar var aktive i vårsemesteret, aldersgruppa var 4-7.kl.

Haustsemesteret hadde Solstråla 13 nye songarar i alderen 1-4.kl. Alle songarane var nye. Dei er flinke å synge. Vi burde hatt med ein ekstra vaksen på øvingane, for å halde fokus på ein god måte. Korbamsen Musi får vere med songarane heim for 1 veke i gongen.

I tillegg til korgruppa fekk eit kormedlem orgelundervising i staden for å følgje vanleg øving. 20 born betalte kontingent til Solstråla i 2019.

I 2019 prøvde vi også å inkludere kortilbod for dei yngste i eit trusopplæringsprosjekt kalla Kvardagsskule. Vi hadde 4 samlingar på våren. Desse har ikkje betalt kontingent i 2019. Dersom frivilljuge vil ta dette ansvaret i 2020 prøver vi med liknande samlingar, på laurdagar som ikkje kolliderer med laurdagsgraut/ kvardagsskule i Herand.

Solstråla hadde i bank pr.31.12, kr. 22378, 04.

Av aktivitetar 2019 kan vi mellom anna nemne Nyårsbesøk på Vikevollen med julesongar, Ung Kyrkjesong sitt vårtreff i Sætervika (2 korjenter og ei mor reiste), Kyrkjespelet Deg å få skode, familiegudstenester i Jondal kyrkje 17.mars, og 17.mai, sommarkonsert for kulturskulen, Kongebesøk, Leithaugkonsert på Utne (4 jenter deltok), Hausttakkefest, barnehagekonsert på kulturskuletrappa, ljosome, kulturskulen sin julekonsert, Blåtur før jul (omveg til Matkanten), julaftagudsteneste og julefest på Jondal bedehus.

Solstråla hadde 18 øvingsdagar på våren og deltok/ var representert ved 7 arrangement, og dei hadde 15 øvingsdagar på hausten og deltok på 7 arrangement. Ei planlagt øving gjekk ut grunna gravferd. Solstråla var ikkje lokal arrangør av heile konsertar åleine, men dei deltok på heile 14 arrangement i 2019.

***Styret for år 2019 vart vald på årsmøtet 14.mars og samansett slik:**

Anne Karin Stormyr (fast styremedlem)	dirigent og leiar
Rannveig Hammer (2019-2020)	styremedlem
Mona Stølheim Aasen (2019-2020)	styremedlem
Iselin Buer Storli Håvik (2018-2019)	representant frå soknerådet
Hildegunn Samland (2018-2019)	styremedlem
1.vara: Birte Torgersen (2019)	
2.vara: Anita Grotnes (2019)	
Revisor: Magnar Sollenes (2019)	

Styret hadde ingen ordinære styremøte i 2019. Arrangementsliste med repertoaroversikt for Solstråla blir lagt ved i protokollen.

Solstråla 18/3-2020 v/Anne Karin Stormyr, leiar